



ÅRSMØTE SYVDE IDRETTSLAG 2023

Tysdag 12.03.2024

Sakliste

- 1: Godkjenne dei som har stemmerett**
- 2: Godkjenne innkalling og sakliste**
- 3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka**
- 4: Årsmeldingar**
- 5: Rekneskap**
- 6: Medlemskontingent**
- 7: Organisasjonsplan**
- 8: Val**

Årsmelding Syvde Idrettslag 2023

Styret har vore samansett slik:

- Leiar Karoline Lundås
- Nestleiar Lars Myklebust
- Kasserar Merete Vatne
- Styremedlem Frode Myrvoll
- Styremedlem Oda Wærnes
- Styremedlem Ole Martin Brudevoll
- Styremedlem Per Magne Sørдал

Vara medlemmar:

- Ole Jørgen Strand
- Monika Skår

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemnda har vorte leia av Torfinn Arnesen i lag med Ove Myrvoll.

Styret har hatt 2 styremøte. Samt sporadisk kontakt via messenger gruppe.

Idrettslaget har hatt 157 betalande medlemmar, pluss ein æresmedlem, totalt 158. Medlemskontingent har vorte sendt ut via epost- sms til medlemmane frå idrettenonline.

Styret har behandla desse sakene:

- Rehabilitering av løypetrase Øverberg skisenter.
Eikrem Maskin har vore entreprenør og Åge Sørдал har stilt opp som «annleggsleiar». Arbeidet har vore grøfing, nye stikkrenner og arodering av terreng. Ferdigstilt hausten 2023. Befaring og rapportering gjenstår.
- Arrangert fjelltrimmen med premier for dei seniorar og juniorar med flest poeng. Og trekning av gåvekort blant dei som har gått på alle postane.
- Vi held fram med registrering på Georeg i Fjelltrimmen. Alle som ynskjer å delta i fjelltrimmen må no registrere seg via Georeg. Vi tel juniorar frå bøker dersom dei ikkje har Georeg.
- StikkUt: Idrettslaget har meldt inn turar til StikkUt, merka og skilta løyper samt plassert ut koder. Her er både nærturar og lengre turar. Styret melder inn turane til kommunen, ulike turar på vinter og sommar.
- Styret har drøfta moglegheiter for å bygge aktivitetspark i samarbeid med skulen ved gamle vgs. i Syvde. Har hatt samarbeidsmøte med representantar frå skulen. Her må evt søkjast tippemidlar dersom styret ynskjer å ta saka vidare.
- Styret har motteke forslag til prosjekt med steinlegging av råsa i Lisjerøfsdalen. Ikkje gått vidare med denne sakja i 2023.
- Det har vore omtalt behov for auka aktivitet for barn og unge i bygda, og hausten 2023 fekk vi endeleg arrangert familiebadning ein gong i veka i den perioden bassenget var åpent.
- Ein ser framleis behov for meir satsing på barn og unge.

Styret vil takke for innsatsen til alle som har stilt opp i året som har gått. Takk til samarbeidspartar for sponsormidlar, tusen takk til alle som brukar av fritida si på dugnad for å skape trivsel i bygda vår.

Spesiell takk til driftstyret på Øverberg for nok eit år med flotte skispor.

Vi treng stadig fleire engasjerte for å skape aktivitet, ynskjer at folk som kan bidra med noko melder seg til styret.

BLÅFELDEN RETT OPP 2023



Seierspallen kvinner: Nr.1 Monica Solvang 44:26 (i midten) Nr.2 Ingfrid Klokset (47) Tomrefjord IL og Nr.3 Solveig Uskedal (72) Uskedal IL.

Blåfjeldsrett Opp 2023 vart arrangert 3. juni under gode løpsforhold. Nokre skoddedottar dreiv over Blåfjeldsrett i morgontimane men nedbøren holdt seg vekke. Det vart levert gode idrettsprestasjonar, og også i år var det fleire som besøkte Blåfjeldsrett for fyrste gong. Det stilte 29 deltakarar i konkurranseklassa og 65 i mosjon. Øystein Ulekleiv frå Dombås IL vann herreklassa på 39.39 og Monica Solvang i dameklassa på ny personlig rekord 44.26. 2 deltakarar representerte Syvde IL i konkurranseklassa og 16 stk i mosjon/ turklassa.

Startar var Kjell Arne Myrvoll, Speaker Helge Svarstad, sponsoransv. Per Magne SørDAL, drikkestasjonansv. Monika Skår, leiar sekretariat Ole Jørgen Strand, løypesjef Terje Eikrem og arr. ansv. Atle Midtbø


- Blåfjeldsgeneral Atle Midtbø -

FJELLTRIMMEN 2022

I 2023 vart Ole Martin Brudevoll årets fjellbukk med totalt 1670 poeng og 129 turar gjennom sesongen. Årets fjellgeit vart Sølvi Midtbø med 1110 poeng og 70 turar.

Dei fekk begge kvart sitt gåvekort på 1000,- hjå XXL. Årets junior fjellgeiter vart William Eikrem Nordmark med 210 poeng og Sofie Ervik Røys og Hans Olav Nordal. Dei har fått kvart sitt gavekort på 500,- hjå XXL.

Ingvar Brekke vart den heldige vinnaren av Coop HotellKupp som vart trekt ut av dei som har besøkt alle dei tolv postane til idrettslaget.



-Karoline Lundås-

ÅRSMELDING ØVERBERG SKISENTER 2023

Det vart kjært 12-13 turar med trakkemaskina dette året. Sesongens siste løyper vart kjært 27. mars. Første tur i vintersesongen var 23. Desember. Vi hadde litt plunder med framdrifta på trakkemaskina, dette gjekk ein del tid og feilsøking til. Feilen vart funnen og retta. Ellers har det vore gjennomført litt periodisk vedlikehald.

– Rolf Åge Sørdal



REHABILITERING AV LØYPETRASE´:

Det har i 2022 og 2023 vore utført eit omfattende arbeid med utbetring og vedlikehald av langrenns-traseen frå Øverberg og innover Syvdslidane.

Grøftene er renska, røra til stikkrennene har vorte senka og skifta ut. Setningar i traseen har vorte utjamna. Det er gjort justeringar der det er vindutsatt for betre å kunne halde på snøen lengre. Tiltaka ser ut til å fungere bra og det har blitt betre forhold for å kjøre trakkemaskina også ved mindre mengder snø.

Det har i tillegg blitt gjort vedlikehald og utbetring av traseen der det er lysløype rundt varmetova.

Åge Sørdal har vore prosjektleiar på vegne av idrettslaget, arbeidet er utført av Eikrem Maskin samt noko dugnadsarbeid.

Prosjektet er finansiert med tippemidler (nærmiljøtiltak), sponsormidler-TEFT midler fra sparebanken møre, diverse andre sponsormidler samt egenkapital frå idrettslaget. Prosjektet er å annsjå som ferdig og er meldt som ferdigstilt til kommuna. Det gjenstår no sluttbefaring med representant fra kommuna før ein kan rapportere på prosjektet som ferdig.

-Åge Sørdal- -Karoline Lundås-

Årsmelding uteTRENING med puls 2023

Vi er ein jamn gjeng som møtes tysdagar og torsdagar ved Myklebust skule, på det meste har vi vore 8 stykk, men er tre/fire faste. Dårlig med rekruttering, desverre, for treningane er for alle uansett kva form ein er i. Vi har i alle desse åra vore ute, men i haust beslutta vi å vere innandørs i dei kaldaste månadane.

Alice har stort sett hatt treningane iløpet av året, men har innimellom hatt Trude og Siv som vikar Øvelsane er styrkeøvelsar for heile kroppen, utført med strikk, kettlebells eller med egen kroppsvekt.



Alice Stranden

Årsmelding Sykkelgruppa 2023.



Også i 2023 hadde syklistane i Syvde eit fint og aktivt år.

Som vanleg har det vore turar «rundt Hovda» og til Kleiva på Rovdestranda, og då vanlegvis med landevegssyklar. Treningsturar på dei mange grusvegane i nærområdet med terrengsykkel er også mykje brukt. Messengergruppa er brukt til å annonsere turar og legge ut bilder på. Onsdag kveld er vanlegvis brukt til sykling, når veret tillet det. I tillegg til turar i helgane.

Dei ivrigaste har også sykkelen på «rulle» innendørs i vinterhalvåret.

Dei nye draktene som vi har fått laga, syner godt igjen i trafikken. Og mange har kjøpt desse, fargane er i svart og raudorange med idrettslaget sin logo på høgre bryst og Syvde IL namnet på rygg og sider.

Underteikna har ikkje oversikt over alle stadar Syvde-syklistane har vore siste året. Men vi kjenner til at land som Spania, Portugal og Tyskland har hatt besøk av oss.

Det var lite deltaking på Birken frå idrettslaget, berre ein deltok. Men vi kjenner til at det blir auke i deltakinga både på Birken og andre ritt i inneverande år.

Det har vore fellesturar til bla. Bjørke og Viddal, ein annan tur gjekk rundt Austefjorden via Eid og Dalsfjorden og til Syvde, vel 16 mil har vi forstått.

Ellers har idrettslaget sine sykkeldrakter synt att fleire stader i landet.

Nytt av året er at ein kan legge inn afterbike på Fiske Brygge, noko som er prøvd fleire gongar.

Vi håper på mange fine turar også i 2024, og gjerne ilag med nye sykkelvener.

Sykkelgruppa v/ Steinar Arne Nordal

Årsmelding IRONMAN 2023

Vi starta med fyrste treninga 20. januar, og helt det gåande fram til starten på juni. Det har vore styrketrening i salen, motbakketrening i Hesteråsa, langrenn på Øverberg og sykkel på skogsvegane. Lang pause til midten av november.

Gruppa er på fire aktive personer men det har vore ein del forfall på treningane.

- Atle Midtbø -



- Atle Midtbø -

Årsmelding familiebadning

Etter ein del år utan, vart det i år starta oppatt familiebadning i regi av Syvde IL i symjehallen ved Myklebust skule. Idrettslaget heldt bassenget ope for gamle og nye medlemmar gjennom 8 onsdagar hausten 2023.

Badetidene var fordelte på to grupper:

Gruppe 1: 17.30 -18.30 – Frå 0 tom 11 år i fylgje med vaksne.

Gruppe 2: 18.30 – 19.30. Frå 12-år og eldre.

Oppmøte for dei minste var svært bra gjennom heile badesesongen, til glede både for store og små. Ein hadde jamt over 8-12 deltakande kvar onsdag. Beste oppmøte gjennom sesongen var på 16 personar.

Til neste år vil ein halde ope basseng for alle medlemmar over to timar og gå breiare ut med annonsering i håp om å få endå fleire deltakarar på badinga.

Takk til dei 5 frivillige som stilte som badevakter for å få dette til.

Ansvarlege: Ole Jørgen Strand og Per-Magne Sørdal .

SYVDE IDRETTSLAG 2023 Styret på valg markert med rødt

STYRET			
Leiar	Karoline Lundås	90870942	karoline.lundaas@outlook.com
Kasserar	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Frode Myrvoll	90502384	fmyrvoll@yahoo.no
Styremedlem	Oda Wærnes	47664216	odawar@hotmail.com
Styremedlem	Ole Martin Brudevoll	98892465	ombrudevoll@gmail.com
Styremedlem	Per Magne Sørдал	95177536	pm.sordal@gmail.com
Nestleiar	Lars Myklebust	99311748	Myklebust.lars@gmail.com
Vara 1	Monika Skår	45475538	bjorn.skaar@mimer.no
Vara 2	Ole Jørgen Strand	97098940	Ole_j_strand@hotmail.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
Kontaktpers.	Rolf Åge Sørдал	90798345	rolfage@rasmusgarden.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Kim Tony Røys		
	Bjørnar Magne Berge	48127779	bjornar.berge@sibelco.com
ØVERBERGROND Å			
Ansvarleg	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
BLÅFELDEN RETT OPP			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
VALNEMD			
Ansvarleg	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
	Ove Myrvoll	90541055	ovemyrvoll@gmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	steinar.arne.nordal@gmail.com
	Geir Nordal	48246325	ghnord@online.no
uteTREning med puls			
Ansvarleg	Alice Arnesen Stranden	91743482	
	Tone Drage Sørдал	96043697	
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
SYKKEL			
Ansvarleg	Steinar Arne Nordal	41323069	steinar.arne.nordal@gmail.com
	Knut Brudevoll	45202493	brudevollknut@gmail.com

FRÅ VALNEMDA:

STYRET			
Leiar	Øyvind Myklebust	41648371	oyvind_myk@hotmail.com
Kasserar	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Frode Myrvoll	90502384	fmyrvoll@yahoo.no
Styremedlem	Oda Wærnes	47664216	odawar@hotmail.com
Styremedlem	Ole Martin Brudevoll	98892465	ombrudevoll@gmail.com
Nestleiar	Lars Myklebust	99311748	myklebust.lars@gmail.com
Vara 1	Monika Skår	45475538	bjorn.skaar@mimer.no
Vara 2	Ove Myrvoll	90541055	ovemyrvoll@gmail.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
	Rolf Åge SørDAL	90798345	rolfage@rasmusgarden.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
Kontaktperson	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Kim Tony Røys		
	Bjørnar Magne Berge	48127779	bjornar.berge@sibelco.com
ØVERBERGROND Å			
Ansvarleg	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
BLÅFELDEN RETT OPP			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
VALNEMD			
Ansvarleg	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
	Ove Myrvoll	90541055	ovemyrvoll@gmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	steinar.arne.nordal@gmail.com
	Geir Nordal	48246325	ghnord@online.no
uteTREning med puls			
Ansvarleg	Alice Arnesen Stranden	91743482	
	Tone Drage SørDAL	96043697	
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
SYKKEL			
Ansvarleg	Steinar Arne Nordal	41323069	steinar.arne.nordal@gmail.com
	Knut Brudevoll	45202493	brudevollknut@gmail.com

